

**From:** Kjartan Lied[kjartan.lied@gmail.com]  
**Sent:** 21.12.2023 11:15:00  
**To:** Brevik, Frida Farstad[frida.brevik@statsforvalteren.no]  
**Subject:** Grensejustering Liabygda

Hei.

Viser til tidligere korrespondanse, og møter.

Sender over dokumenter i høve saka.

Ber om at Statsforvaltaren tek tak i saka og startar arbeidet med Grensejustering for Liabygda.

mvh

Kjartan Lied

[kjartan.lied@gmail.com](mailto:kjartan.lied@gmail.com)

41374143

## **Statsforvaltaren i Møre og Romsdal**

### **Liabygda i Stranda kommune. Utreiing om overføring til Fjord kommune**

#### **Innleiing**

Liabygda Vel har i oppdrag frå eit folkemøte i Liabygda den 17 april, 2023, beden om å utgreie ei grensejustering i Stranda kommune.

I samband til møtet vart det høve for dei frammøtte å skrive under eit opprop om å starte ein prosess der Liabygda skal bli ein del av Fjord kommune.

Dette dokumentet, skal synleggjere kvifor Liabygda ønskjer å bli ein del av Fjord kommune.

Liabygda er ei lita bygd på nordsida av Storfjorden med eit landareal på 68km<sup>2</sup>, med 183 innbyggjarar 2023. ( SSB)


Bygda har dei siste åra hatt ein nedgang i folketalet, med få fødsjar og tilvekst til bygda.

Stranda kommune har dei siste åra lagt ned tilbod som skule og barnehage.

Liabygda sit i dag igjen med ein omsorgsbustad med plass til 9 bebuarar.

Uroa kring drifta av omsorgsbustaden har vore den utløyysande faktor for at så mange ønskjer

no ei endring av kommune-tilhørigheit.



### **Ferdsleårer og kommunikasjon**

Frå gammalt av var fjorden vegen mellom bygdene i indre fjordstrøk.

Fjorden vart nytta til varehandel, post, sjuketransport og kyrkjegang.

Vegen mellom Liabygda og Stordal stod ferdig i 1958 som bilveg. Vegen til Valldal stod ferdig i 1975. Ferjekaia på Ovråneset i Liabygda vart lagt ned då Gravanesvegen og ferjekaia stod ferdig i 1979.

Etter at vegen til Valldal stod ferdig, har Liabygdarane vorte sterkare knytt til Fjord kommune.

### **Samarbeid med Fjord kommune**

Etter at Stranda kommune, la ned skulen og barnehagen har dei kjøpt skule og barnehageplassar i Fjord kommune. Denne endringa har ført til at familiar med born får ei tettare og sterkare tilknytning til Fjord kommune.

Samstundes nyttar dei unge tannlege og lege i Valldal.

Samarbeid om brannvern ( slokke avtale)

Interkommunalt samarbeid innan barnevern.

### **Samarbeid med lag og organisasjonar:**

Etter at vegen til Valldal stod ferdig i 1975, ser ein at samarbeidet mellom lag og organisasjonar på nordsida av Storfjorden har endra seg. ( blitt sterkare).

Innbyggarane i Liabygda nyttar i dag mindre av tenestene som finst i Stranda kommune. Fjorden må nok ta mykje av skulda for det.

Under er det teke med eksempel på samarbeid mellom lag og organisasjonar Liabygda-Fjord.

Muritunet- Fjordsenteret - helsebading- treningscenter.  
Pensjonistlag ( Liabygda- Stordal).  
Friidrett og langrenn ( Valldal).  
Fotball ( Valldal- Stordal )..  
Hopp og langrenn.  
Liabygda skyttarlag, slått saman med Stordal skyttarlag.  
Trial- klubb, samarbeid med Valldal.  
Liabygda vassverk AL, samarbeid med Fjord kommune.  
17mai, spelar Valldal hornmusikk i Liabygda.  
Folkedans/ spelmannslag.

### **Oppsummering**

Liabygda ligg landfast med Fjord kommune, og har sterke band knytt til lag og organisasjonar i Fjord. Dette gjeld særleg innan idrett, trening, helsebading, pensjonistlag, og innanfor musikk/ folkedans..

Borna i bygda har no avtalefesta plass innan barnehage , barne og ungdomsskule i Valldal. For folket i Liabygda vil ei overflytting til Fjord kommune ha praktiske føremoner ved å ha ei landfast og sikker tilknytning til sitt kommunesenter, barnehage, skule, samt ulike helsetenester.

Folkemøte i bygda med stort oppmøte, samt 110 underskrifter, syner at det er stor overvekt av folket vil ha utgreidd spørsmålet om ei grensejustering og ei anna kommunal tilknytning. På folkemøtet kom det fram frå fleire ungdomar kva dei meiner vil vere best for bygda i framtida.

Liabygda Vel styret:

Egil Stavseng

Kristoffer Ringset

Ruben Langseth


Luis Guadamos

Lars Kjell Smoge

Vedlegg: Lister underskrift innbyggjarar Liabygda.







Statsforvaltaren  
Møre og Romsdal  
Julsundvegen 9  
6412 Molde

Dato 02.11.2023

### **Grensejustering for Liabygda**

Liabygda Vel, fekk i oppdrag frå eit folkemøte i Liabygda den 17 april 2023, om å utgreie ei grensejustering i Stranda kommune.

På møtet den 17 april, vart det vedteke at to personar skulle avtale eit møte med Statsforvaltaren i høve saka.

Møtet med Statsforvaltaren vart gjennomført 22 mai 2023.

Liabygda Vel har etter møtet arbeid med å innhente kart over Liabygda samt underskrifter frå innbyggjarane som ønskjer ei grensejustering til Fjord kommune ( sjå vedlagt vedlegg).

Den 17 oktober vart det halde eit nytt folkemøte i regi av Liabygda Vel, der det vart orientert om gangen ved ei grensejustering samt vegen vidare.

**Liabygda Vel ber no Statsforvaltaren starte arbeidet med ei grensejustering for Liabygda frå Stranda kommune til Fjord kommune.**

Liabygda Vel, er ei foreining som skal fremje eit godt miljø, og god trivsel for bebuarane i bygda.

Den skal særleg ta opp tilhøve som til ei kvar tid har betydning for innbyggjarane.

Liabygda Vel skal ivareta bygda sine interesser som eit høyrings og samordningsorgan overfor kommunen og andre offentlege etatar. Foreininga er politisk nøytral.

Mvh

Liabygda Vel  
Egil Stavseng.